



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

## Pressemelding

---

Dato: 10. juni 2013

### **2,6 millionar kroner til Lokal samfunnsutvikling i Vestfold**

**Vestfold fylkeskommune sitt mål er å styrke kommunane som samfunnsutviklarar og fylkeskommunen si rolle som rettleiar og regional medspelar.**

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

#### **Vestfold fylkeskommune skal:**

- Invitere kommunar til prosessleiarkurs for å styrkje kompetansen i kommunane
- Gje ein meir koordinert bistand frå fylkeskommunen til kommunale prosjekt frå aktuelle fagmiljø.
- Initiere og finansiere kompetansedeling mellom aktørane gjennom erfaringslæring og konkret opplæring knytt til ulike utviklingstema.
- Bidra med delfinansiering og kompetanse for å utvikle følgjande prosjekt:
  - "Stolt Svelvik" - tiltak for å utvikle Svelvik, bygd på stadanalyse.
  - Stadutvikling i Holmestrand
  - Utvikle kunnskap og bygge identitet rundt slaga på Re
  - Utvikling rundt verftet Orlogsbriggen Fredriksvern i Larvik
  - Utvikling av Fossnes/Arnadal lokalsenter i Stokke.
  - Orlogsbrigaden Fredriksvern - gjere teknisk og historisk dokumentasjon tilgjengeleg.
  - Hof - kulturtiltak og bygging av identitet i gamle Eidfoss.
  - Kompetanse nettverk for byar og tettstader

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00